

## SONG OG DRAUM

Sopranen Linda Øvrebø og pianist/komponist Knut Vaage inviterer til ei stemningsfull oppleving i Kabuso i Øystese. Reportoaret deira er sett saman av songar som Knut har laga gjennom 25 år. Difor spenner det vidt stilmessig, frå jazz/vise til ei melodisk form for samtidsmusikk. Ein spesialarrangert salme frå Sunnhordland er også med i utvalet. Nokre av songane er laga til tekstar av Olav H. Hauge, Lars Amund Vaage og Ragnvald Vaage, medan andre er vokaliser (dvs. song utan ord, med stemma som instrument).

Felles for uttrykket i songane er ei melodisk/lyrisk åre som er direkte utvikla gjennom det personlege uttrykkspotensialet til utøvarane. Eit tema som går igjen er draum, og det drøymande, men det kan også oppstå eit slags ironisk blikk på kvardagen i meir burleske parti. Nokre av songane har tidlegare vore framførte (td. på Olav H. Hauge-dagane i Ulvik, eller på vår cd "Eg strøyer mine songar ut"), men denne kvelden i Kabuso blir desse songane framført samla for første gong.

